



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.11.2016

Vår ref.: 2015/10152

Arkivnr.: 011.1

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 STAVANGER

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Regionreforma i Rogaland - høyring av ulike alternativ for framtidig struktur på det regionale folkevalde nivået.

Fylkesmannen viser til brev av 26. oktober 2016, der det blir bede om synspunkt på fem ulike alternativ for inndeling av eit nytt regionalt folkevalt nivå.

Fylkesmannen konkluderer med at det beste alternativet er at Rogaland held fram åleine som eigen region, eventuelt med utviding i samsvar med grensene for Sør-Vest politidistrikt.

Fylkesmannen si vurdering

Vi står for tida midt oppe i omstrukturering av både kommunenivå, regionalt folkevalt nivå og det statlege nivået, nærmare bestemt Fylkesmannen. Desse strukturelle endringane går parallelt og delvis uavhengige av kvarandre. Det er likevel nødvendig å sjå dei i samanheng.

Når det gjeld det regionale folkevalde nivået, har Stortinget vedteke at det skal oppretthaldast. I Stortingsmelding 22 (2015-2016) har regjeringa lagt fram si meining om innhald, rollar og struktur på regionalnivået. Regjeringa, med tilslutning frå fleirtalet på Stortinget, meiner vi har for mange folkevalde regionar/fylkeskommunar i dag, og går inn for at dei blir reduserte til om lag 10.

Med utgangspunkt i dette, og på oppmoding frå regjeringa, har fylkeskommunane på Vestlandet gjennomført samtalar og forhandla fram ein intensjonsplan for ein mogleg stor Vestlandsregion, med Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fylkestinget i Rogaland har likevel vedtatt å sende på høyring til saman fem ulike alternativ til framtidig struktur og organisering av eit regionalt folkevalt nivå. Som bakgrunnsmateriale ligg også ei utgreiing frå oktober 2016, utarbeidd av dei tre fylkesrådmennene.

Fylkestinget har ikkje rangert eller prioritert dei ulike alternativa. Fylkesrådmannen har likevel i si tilråding vurdert ein stor Vestlandsregion eller Rogaland aleine (eller noko utvida i samsvar med Sør-Vest politidistrikt) som dei mest realistiske alternativa.

Fylkeskommunen ber høyringsintansane om å kome med sine preferansar når det gjeld dei ulike alternativa. Dei er ikkje inviterte til å meine noko om intensjonsplanen som er forhandla fram av dei tre fylkeskommunane, om utgreiinga som ligg bak, eller om kva oppgåver ein ny region skal eller

bør ta seg av. Alt dette heng likevel saman, og vi kan derfor ikkje unngå å kome inn på delar av dette nedanfor.

Reelt sett er det vel berre Vestlandsregionen som er utgreidd og vurdert i det framlagde materialet. Korkje Agder/Rogaland-alternativet eller Rogaland/Hordaland har fått særleg plass. Det er derfor vanskeleg å ha noko klar meining om fortrinn eller ulemper med desse alternativa.

Dersom ein skal gå for større regionar, meiner Fylkesmannen likevel at ei Vestlands-løysing peikar seg klart ut, både ut frå identitet, kultur, felles utfordringar og næringsliv, behov for plansamarbeid og tyngde, kapasitet og kompetanse i utviklingsarbeid og utviklingsprosessar. Vi kjem såleis ikkje til å kommentere Agder-modellen noko meir.

Rogaland og Hordaland saman kunne blitt ein både slagkraftig og dynamisk region. Fylkesmannen har likevel vanskar med å sjå kva meir og anna ein slik konstruksjon skulle oppnå, ut over det dei to fylkeskommunane maktar kvar for seg. Det einaste måtte vere enklare og meir samordna prosessar i planlegging og finansiering, spesielt når det gjeld større fylkesovergripande samferdsleprosjekt, og eventuelt ei meir effektiv og rasjonell drift. Konkurransen mellom to sterke byområde ville dessutan kunne komplisere utviklingsarbeidet internt i ein slik region. Fylkesmannen meiner, som fylkesrådmannen, at valet står mellom ein stor vestlandsregion eller Rogaland åleine, eventuelt utvida som Sør-Vest politidistrikt.

Slik vi tolkar intensjonsplanen og utgreiinga, er dei viktigaste føremåla med ein stor Vestlandsregion å stå sterkare i forhold til statlege styresmaktermakter og å kunne ta på seg langt fleire oppgåver frå staten. Andre positive element er samordna planarbeid, spesielt samferdsleprosjekt, og stordriftsfordelar. Samanfallande grenser med fleire regionaliserte statlege etatar er også brukt som argument for ein stor Vestlandsregion.

Dette er alle reelle argument for større regionar, men Fylkesmannen meiner likevel det er lagt for lite vekt på motargumenta. Det viktigaste er nærleik til kommunar og andre brukarar. Avstandane i ein stor Vestlandsregion blir store. Det er korkje rasjonelt eller effektivt å bruke tid og ressursar på å reise rundt i regionen, korkje for politikarar eller administrasjon. Digitaliserte løysingar kan heller ikkje alltid erstatte personleg frammøte og/eller synfaringar. I si tilråding om ny fylkesmannsstruktur har Fylkesmannen i Rogaland lagt avgjerande vekt på dette. Det kan godt vere at fylkeskommunen/den folkevalde regionen har mindre behov for direkte kontakt med kommunane enn Fylkesmannen, men vi stiller oss likevel undrande til at dette ikkje er tillagt større vekt så langt i prosessen.

Ut frå dagens fylkeskommunale oppgåver, og eventuelle nye oppgåver skisserte i Stortingsmelding nr. 22, er fylkeskommunen avhengig av god lokalkunnskap og godt samarbeid med kommunane. Dette gjeld mellom anna fornuftig organisering av vidaregåande opplæring, god og brukarorientert kollektivtransport, næringsutvikling, kulturtiltak og ikkje minst regional planlegging. Alt dette er viktige føresetnader for busetjing, arbeidsplassar og utvikling i heile fylket.

Større regionar føreset i alle høve langt færre kommunar. Kommunestrukturarbeidet i Rogaland har, som kjent, til no ikkje ført til vesentleg reduksjon i kommunetalet.

Når det gjeld forventade nye oppgåver til ein stor region, seier heller ikkje høyringsmaterialet noko om dette. Vi viser også her til Stortingsmelding nr. 22, der regjeringa peikar på nye oppgåver til nye og større regionar. I hovudsak inneber dette ei styrking og konkretisering av dei utviklingsoppgåvene som fylkeskommunen alt har, med særleg vekt på regional planlegging. Eventuell oppgaveoverføring frå stat til fylkeskommune/region må i alle høve basere seg på ei reell maktoverføring der regionen får fullt herredømme over oppgåva og ikkje berre er eit handhevingsorgan for nasjonale oppgåver. Her trengst det ein prinsipiell gjennomgang, som vi ikkje finn i føreliggjande høyringsdokument og utgreiingsmateriell.

Vi undrar seg også over at Fylkesmannen si organisering har vore ein forhandlingstema i arbeidet med intensjonsplanen. Fylkesmannen er heilt avhengig av nærleik til kommunane og andre

brukargrupper. Det er derfor særst viktig og avgjerande for oppgåveløysinga korleis strukturen er og kvar embetet er lokalisert. Fylkesmannen sine viktigaste oppgåver er forvaltning og formidling av nasjonale styringssignal, rettleiing, tilsyn og kontroll. I tillegg skal Fylkesmannen samordne statleg verksemd retta mot kommunane. I denne samanheng vil vi særskilt framheve behovet for tett samarbeid og samvirke med viktige beredskapssetatar, der politiet er den mest sentrale.

Vesentleg delar av Fylkesmannen si arbeidstid går med til dialog og kontakt med kommunane, i form av konferansar, møte, direkte tilsyn og synfaringar. Tekniske og digitaliserte løysingar vil i liten grad kunne erstatte denne kommunikasjonsforma.

Med ein stor region vil det lett bli slik at både folkevalde, administrasjon og tilsette hos Fylkesmannen kan kome til å bruke langt meir av arbeidstida si til å reise enn tilfellet er i dag. Vi kan ikkje sjå at dette er framtidsretta bruk av tid og pengar overfor dei innbyggjarane offentleg forvaltning skal tene.

Vi er samde i at Fylkesmannen i utgangspunktet bør følgje regioninndelinga. Fylkesmannen meiner at særleg behovet for tett kontakt med kommunane, god lokalkunnskap, samarbeids- og samordningsbehov tilseier at Rogaland bør halde fram som eigen region - med grenser tilsvarande Sør-Vest politidistrikt som det aller beste alternativet.

Dersom vi endar opp med ein stor Vestlandsregion, i tråd med intensjonsplanen, meiner Fylkesmannen at regionen bør ha fleire fylkesmannsembete.

Skulle resultatet likevel bli berre ein Fylkesmannen i ein eventuell Vestlandsregion, bør Fylkesmannen vere lokalisert same stad som fylkeskommunen sin sentraladministrasjon og politiske leiing.

Vi minner også på ny om regjeringa og Stortinget sine føringar på om lag 10 regionar. Rogaland er nær eit 10-prosents fylke, når det gjeld folketal alt i dag, og blir i alle høve det dersom vi legg politidistriktet til grunn. Med 10-12 regionar kan ein oppnå rimeleg balanse mellom desse. Det er vanskeleg å sjå for seg at vi skal ha både store regionar (landsdelar) og små regionar som i dag. Då må oppgåvefordelinga uansett måtte tilpassast dei minste regionane.

Konklusjon

Fylkesmannen i Rogaland meiner ut frå dette at den beste løysinga for Rogaland og dei som bur og har sitt virke her, er at fylket held fram åleine, eller eventuelt blir tilført kommunar slik at grensene blir samanfallande med Sør-Vest politidistrikt.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Harald Thune
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.